

## 3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultata av vassprøvene går fram av tabell 1 under.

TABELL 1. Vassprøver, analyseresultat.

VATN	El.led.		Alkalitet mmol/l	Kalsium mg Ca/l	Aluminium µg Al/l	Farge uv
	pH	µS/cm				
Råssavatn	5,22	24,9	0,04	0,54	62	35
Giljastølv.	4,98	22,3	0,03	0,42	69	10
Stølsvatn	4,94	19,4	<0,06	0,29	44	15
Fodnastølv.	4,96	19,6	0,02	0,32	58	5
Valevatn	5,03	23,6	0,02	0,39	72	5
Lauvvatn	4,94	26,6	<0,06	0,41	64	15
Brekkestølv.	4,86	25,3	<0,02	0,39	88	45

pH-verdiane låg mellom 4,86, Brekkestølsvatn og 5,22 i Råssavatn. I vatna i Frafjordvassdraget låg pH-verdiane mellom 4,94 og 5,03. Alle vatna er sure og aluminiumsinnhaldet er høgt. Fjellgrunnen i dette området har låg bufferkapasitet mot forsurening og vasskvaliteten ligg nær den nedre grensa for det auren kan tole med omsyn til rekruttering.

Mageprøver.

Resultatet av mageprøveanalysene er sett opp i tabell 2 på neste side.

TABELL 2. Næringsval i volumprosent.

NÆRINGSDYR	Fjærmygglarver	Fjærmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vassnymfelarver	Vassteger	Vasskalvarver	Vasskalv, imago	Luftinsekt	Bythotrephes long.	Gelekreps	Linsekreps	Antal prøver
VATN													
Råssavatn			8		5	20	45	5	18				8
Giljastølsv.	4	4	11						36	31	13	1	15
Stølsvatn	7	23	33	4					16	9	4	4	15
Podnastølsv.	5	13	17						36	7	20	1	15
Valevatn	15	15						1	61	8			15
Lauvvatn	49	7	1						20	23			15
Brekkestølsv.	4		76			20							5

Larver og pupper av fjærmygg og vårflugelarver var viktige innslag i næringa i dei fleste vatna, det same var tilfelle for insekt fanga på overflata og fleire artar av planktoniske krepsdyr.

Dei einskilde vatn.

Råssavatn, 454 m o.h., areal = 14 ha.

Vatnet ligg ca. 15 min.'s gange frå bilveg. Omgivnadene er slake bjørkeskogslier og her er bygt fleire hytter. Nedslagsfeltet er lite og gjennomstrøyminga dermed låg. Grunnområda dominerer og tilhøva for utøving av fiske er fine. Gytetilhøva er svært sparsame, berre på einskilde små flekker i utlaupselva finst det høveleg gytesubstrat.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 1 "fleire-omfars" garn gav 9 aurar. Kvaliteten på fisken var uvanleg flott, gjennomsnittleg


k-faktor var 1,34.

Både alder, storleik og vekst varierte mykje, største fisk var 32,7 cm og 702 gram med k-faktor på 2,00.

Skjella viste at alle aurane hadde levd eit eller fleire år andre stader med dårlege næringstilhøve før han vandra inn i Råssavatn for der å vekse svært raskt, sjå vekstkurvene på neste side der vekstomslaget er vist for 2 av fiskane.

Ved prøvefiske i 1971 vart det fanga 41 aurar på 1 Jensen-serie. Fisken var då mindre og av dårlegare kvalitet enn i dag, og det har i denne perioden skjedd ei uttynning av bestanden. Årsaka til dette er mest sannsynleg meir fiske av folk som nyttar hyttene. Rekrutteringstilhøva er og var svært avgrensa og truleg blir mest all fisk i vatnet rekruttert hit ved nedvandring frå Lauvnesvatnet eller elva mellom vatna.

Aurebestanden er i dag tynn og næringstilhøva svært gode. Bestanden bør bli tettare og dette kan skje ved utsetjing av villfisk, t.d. ved at ein fangar småfisk i Giljastølsvatn. Høveleg antal er 200-250 aure utsett årleg, fiskane bør vere mindre enn 15 cm.



RÅSSAVATN: Vekstkurver og lengdefordeling.

